



Byklaren

eit informasjonsblad frå Bykle kommune


Juni 2022 | 33. ÅRGANG | OPPLAG 543

Sogevandring i Hylesdalen

Laurdag 18.juni 2022 kl 11.00

I gamle dagar før postvegen kom rundt 1840-åra gjekk allmannvegen mellom Valle og Hylestad i frå Valle og sørover til Åmli og oppover til Berg og så sørover Hylesdalen til Uppstad og så Nameland i Hylestad. På denne turen vil vi gå denne strekninga mellom Berg og Uppstad omrent der me trur den gjekk. I Hylesdalen er det fleire støyler, for Åmlingane, Bøane og Uppstadane.

Me vil møtast og parkerar på Uppstad-tippen (A på kartet) kl 11.00. Så kører vi buss opp til bommen i Berg i Valle (B) og når alle er samla startar turen. Me er så heldige å få med oss Gjermund Bø som kjentmann og forteljar. Me går i roleg tempo, dei første 800 m til masta oppafor Svinevad (C) der allmannvegen begynner er oppoverbakke, deretter er det berre bortover og nedover, delvis på sti og myr. Ved støylen Rosshovden (D) vil me ha matpause og det er lurt å ha med mat og drikke. Siste etappe går vidare nedover, for det meste på grusveg, via Dalstøyl og til Uppstad-tippen (A) der bilane våre står.



Turen frå Berg til Uppstad er ca 7km, det vil seie ca 4,5 km frå Berg til Rosshovden og ca 2,7 km til Uppstadtippen.

Turen kostar berre 50 kr og det er ingen påmelding.

Lurar du på noko kan du ringe 400 41 041 eller 913 63 159 eller send epost til uppstad@gmail.com. Facebook: Setesdal Sogelag

Velkommen til ein interessant sogevandring i nydeleg landskap med Setesdal Sogelag

Boksirkel

Vi møtast måndag 13. juni kl. 19 på biblioteket på Hovden grendehus. Vi les boka Hekneveien av Lars Mytting. Biblioteket kan skaffe boka til alle som vil vere med.

Velkommen!



1. juni er det klart for Sommarles!

Snart er det klart for den digitale lesekampanjen Sommarles.no. Frå 1. juni kan alle 1. - 7.klassingar i Bykle kommune vere med på Noregs kulaste lesekampanje, saman med barn frå heile Noreg. Sommarles.no har vore ein stor suksess gjennom fleire år. I fjer deltok over 120 000 barn. Målet med kampanjen er å motivere barna til å lese så mykje dei berre orkar i løpet av ein lang sommarferie, og dermed auke lesekompetansen, i ein periode der han vanlegvis blir svekt.

Alle barna får informasjon på skulebiblioteket. Dei får òg med lapp heim.



Sommarles.no gjer det gøy å lese!

- Sommarles er ein digital lesekampanje på nettsida Sommarles.no. Barna lagar seg ein profil, registrerer alt dei les i kampanjeperioden og får XP (poeng) for kvar side dei les.
- Sommarles.no er for barn i 1. - 7. klasse og varer frå 1. juni til 31. august.
- Barna får tilgang til ei spesialskriven forteljing av forfattar Mari Moen Holsve.
- I tillegg til XP, kan barna også gjere seg fortente til digitale trofé og kule premiar som kan hentast på biblioteket!
- Sommarles.no er utvikla av Vestfold og Telemark fylkesbibliotek og Snuti AS.

St Hans-bål på Hegni

Har du eller din verksemد
noko treverk å bli kvitt — kan
du dykk legge det på moloen på
Hegni





DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad
www.valle.kyrkja.no / www.bykle.kyrkja.no

Onsdag 1.juni kl.1800, Kveldsbøn m/Per Emanuela, Fjellgardane kyrkje

Torsdag 2.juni kl.1800 Samtalegudsteneste i Valle kyrkje, pølsefest

Sundag 5.juni kl.1100 Gudsteneste i Fjellgardane kyrkje

Sundag 19.juni kl.1400 Fellesmiddag i Bykle kyrkje

kl.1600 Gudsteneste i Bykle gamle kyrkje

Sundag 3.juli kl.1100 Gudsteneste i Bykle gamle kyrkje

Sundag 24.juli kl.1600 Gudsteneste i Fjellgardane kyrkje

SOMMER AVSLUTNING

Kunstgressbanen i Bykle

TORSDAG 9. JUNI



Event4Fun

Velkommen til lek og moro for alle skoleelever fra 1. – 10. trinn, kl 10:45 – 14:45. samarbeid mellom ungdomsrådet, skolene, ungdom og kultur, sponset av Bykle kommunes ungdomsråd



NAV MIDT-AGDER

Åpningstid for drop-in

Veileddningssenter i Bykle



Bykle- Mandag kl. 12.00-14.00

Avvikende åpningstider i sommer:

Veileddningssenter i Bykle holdes stengt;

Mandag 11/7 (uke 28)

Mandag 18/7 (uke 29)

Mandag 25/7 (uke 30)

I disse 3 ukene er veileddningssenteret ved NAV Valle åpent onsdager fra 12 -14.

Opningstider sommar kulturhus og bibliotek:

Hovden grendehus og bibliotek:

Veke 25 (20.-24.juni)	NB! Opent mandag og tysdag 8-22, deretter STENGTE resten av uka pga. stort arrangement.
Veke 26 (27. juni-1. juli)	Kl. 9-16
Veke 27-31 (4. juli- 5.august)	Stengt
Veke 32-33 (8.-19. august)	Kl. 9-16
Fra 22. august	Ordinære opningstider (mån-tor 8-22, fre 8-16)



Bykle kommune
BYKLE SER LANGT

Kontaktinfo:

grendehuset@bykle.kommune.no

T: 902 16 856

samfunnshuset@bykle.kommune.no

T: 476 85 262

Følg oss gjerne på Bykle kommune si facebookside og nettsider for info.

Biblioteket kan kontaktast på

biblioteket@bykle.kommune.no

eller på Facebook:

Bykle folkebibliotek

Bykle samfunnshus og bibliotek:

Veke 27-31 (4. juli-5. august)	Stengt
Fra 8. august	Ordinære opningstider (mån 10-17, ons 13-15, tor 10-17)